

Leder Kjønnsidentitet

Det tredje kjønn

Vi må akseptere at vi har en gruppe som ikke identifiserer seg med det kjønnets fødselsnummeret indikerer.

Programkomiteen til Arbeiderpartiet har foreslått at det bør vurderes «å innføre en tredje kjønnskategori». Allerede i fjor stemte SV, MDG og Venstre for det samme i Stortinget, og for en ukes tid siden var KrF-leder Knut Arild Hareide inne på samme tanke.

Han ble penset inn på andre tanker seinere i uken, men partiet er fortsatt åpent for å se på tiltak for personer som ikke finner seg til rette i noen av kjønnskategoriene. Vi er derfor vitner til en stor politisk forflytning innenfor et relativt kort tidsrom. Derfor er det selvsagt bare et tids spørsmål før det er fullt gjennomslag for at alle former for kjønn blir sett på som likeverdige. En lov som gjør at enhver persons selvopplevde kjønnsidentitet respekteres, må derfor på plass.

Trolig må vi fortsatt gjennom en modningsprosess før det blir flertall for dette. Arbeiderpartiets forslag er vagt og det er i dag ikke noe uttrykt flertall på Stortinget for et tredje kjønn. Samtidig var det allerede i fjor flertall for at folk ut fra egen opplevelse kunne

bestemme hvilket kjønn de skulle stå oppført med i folkeregisteret.

Det er ingen stor gruppe dette gjelder, men de er heller ikke få. Fram til for få år siden var det liten oppmerksomhet rundt dette og det tredje kjønn var også utsatt for mye dårlig humor.

På mange måter har de havnet under radaren, mens den viktige kampen for rettferdighet og likestilling for homofile og lesbiske har pågått for fullt. Kampen for et tredje kjønn er noe annet og handler om langt mer enn seksualitet. Det handler rett og slett om samfunnets vilje til å akseptere at noen «ikke identifiserer seg som noe kjønn i det hele tatt», som Amanda Schei formulerer det i et innlegg på minervanett.no.

En ny kjønnskategori handler først og fremst om en tydelig og offisiell aksept, men det handler også om språk. Svenskene, som ligger bak oss i diskusjonen om politisk aksept, har omfavnet det noe fargeløse ordet «hen». Mange vil også ha det inn i norsk språk, men kanskje det fins noe bedre?

Universell utforming er et annet poeng. Samfunnet må legge til rette for at det tredje kjønn føler seg velkomne på alle fellesarenaer, også i svømmehaller, gymsaler og på offentlige toaletter. Et vedtak om en tredje kjønnskategori vil derfor også koste penger, men dette handler i bunn og grunn om menneskerettigheter. De kommer ikke flygende til oss gratis.

partiets forslag er vagt og det er i dag ikke noe uttrykt flertall på Stortinget for et tredje kjønn. Samtidig var det allerede i fjor flertall for at folk ut fra egen opplevelse kunne



PITTER

Fis skal diskutere Johaug-anke onsdag. For noe dritt.

Gjestekommentar

Begeret er fullt

Ei hemningslaus byråkratisering er overflodssamfunnet sin livsstilssjukdom.



Klaus Mohn
Professor, Handelshøgskolen ved UIS og NHH

I disse dagar er det fire år sidan eg la næringslivet bak meg for eit tilvære som føresar og forskar på fulltid (ved Handelshøgskolen ved Universitetet i Stavanger og NHH i Bergen, etter 16 år i Statoil, dei fire siste åra som sjeføkonom; red.mrk.). På sett og vis tok eg konsekvensen av ein ubøyeleg hang til faget mitt. Fagleg fordjuping føreset tid og rom. For fagfolk er det lite som er mindre inspirerende enn byråkratisering og møteverksemd som tek overhand. Om intensjonane er aldri så gode, så vil responsen frå dedikerte fagfolk på «utanomsportslege» aktivitetar gjerne føre med seg ei svekking av motivasjon, produktivitet og verdiskaping.

Prosessar tappar krefter

Spesielt gjeld dette når systema for styring, kontroll og oppfølging kjem i lag med ei trong til omfattande dokumentering av kvar minste ting som rører seg i verksemda. Då kan leiarar og medarbeidarar kjenne at dei blir sausa inn i utmattande prosedyrar for mål-etablering, prestasjonsstyring, resultatrapportering, kravspesifisering, innkjøpshandtering, personalvur-

Kan ikkje offentleg sektor like gjerne starte med ein gong?

dering og endelause prosessar for kontroll, evaluering og oppfølging.

Byråkratisk inflasjon var lenge ein viktig faktor bak kostnadsauken i olje- og gassnæringa. No er tendensen i ferd med å breie seg til andre delar av samfunnet. Offentleg sektor har nemleg ein lei tendens til å ta til seg vanar og uvanar frå organisering og leiing i næringslivet, men gjerne med eit etterslep. I næringslivet leitar ein no febrilsk etter medisin mot denne sjukdommen. På same tid kan mykje tyde på at vira har funnet vegen inn i offentlege verksemdar.

Enkelte utviklingstrekk i universitetssektoren kjennest difor som kald pust i nakken frå ei tid eg trudde eg hadde lagt bak meg. Krava til dokumentasjon og underbygging kan gjerne være velmeinte, men medaljen har ei baksida. Kvar time brukt på slike aktivitetar betyr nemleg ein time mindre til direk-

Avisen Stavanger Aftenblad skal ha en liberal grunnholdning med vekt på uavhengighet av politiske partier, grupper og særinteresser.

Fra Stavanger Aftenblads vedtektsfestede formål

MENINGER

Drøset

Prokrastineringa

Han hadde eigentleg aldri skjønt kva ordet «prokrastinera» tydde. Han hadde høyrte det sagt, folk rundt han hadde ledd, han hadde ledd med. Men inst inne skjønna han ikkje heilt kva det tydde. Han hadde mange gonger tenkt å slå det opp i ei ordbok, men hadde aldri kome så langt.

Det var fleire ord han ikkje heilt skjønna. «Pogrom», til dømes. Han hadde tenkt å slå det opp, men så blei det liksom aldri tid. Eller, tid var det jo masse av, men likevel. Han høyrde stadig om «pogromar», nikka innsiktsfullt, skjønnte ikkje heilt kva det var.

Men det som **eigentleg** burde skjedd, var at han burde hatt bilen på sørvis. Det hadde begynt å plinga og blinka «Service now!» kvar gong han vrei om nøkkelen allereie ein gong utpå hausten.

Han sette pris på påminninga, kom aldri på å sjekka slike ting sjølv, utsette alltid slike ting. Han burde ringt og bestilt tid. Men så gjekk tida.

Midt i all denne tida, i det som per definisjon må ha vore mellomtida,

kjøpte han ny bil, ein usexy, penisforkortar av ein elbil. Dermed hadde bilen som skulle vore på sørvis – nå! – bare blitt ståande heile januar, parkert og ubrukt.

Likevel tenkte han på det kvar dag han gjekk ut på trammen, ut i verda, og såg på den gamle trufaste familiebilan stå der, parkert på den andre sida av vegen: «Service now!»

Så gjekk han.

Nå var det nye året godt i gang. Det hadde gått over ein måned sidan han hadde sett beina i den gamle bilen, som stod der og fraus i vinterkulda. Det var på tide å ta seg saman.

Han ringte sin faste mann i bilmekanikarbransjen, det var bare å koma, bilen kunne leverast måndag morgon. Endeleg skulle det bli orden på ting. Han klappa seg sjølv imaginært på skuldra.

Måndag morgon gjekk han ut, drog i døra, det var så kaldt at ho hadde frose litt fast, men inn kom han. Nøkkelen i tenninga, ei vridning mot høgare, det begynte å kinna under panseret. Så ingenting. Han prøvde igjen. Nei. Null batteri. Det skulle ikkje bli «Service Now!» heller.

Det var på tide å ta seg saman.

te produksjon og verdiskaping. Like fullt ser ein altfor ofte at gevinstante ved byråkratisering gjerne blir skrudd i været, medan ulemper og kostnader ved dei same tiltaka har lett for å kome i bakgrunnen. Mykje tyder på at fenomenet kan knytast til overflod.

Overflod, sløsing og stagnasjon

I februar i fjor la produktivitetskommissjonen fram sluttrapporten sin. Ressursrikdom blir her trekt fram som ein hemmande faktor for innovasjon og forbetring, og som eit hinder mot effektivitet og gjennomføring i offentleg sektor. Her kan ein i tillegg minne om at forskning tyder på at styresmaktene gjerne vil vere meir slepphendte med ekstraordinære inntekter enn dei er med ordinære skatteinntekter.

Offentlege verksemdar lir i tillegg under vage mål, uklare prioriteringar og avgrensa handlefridom, om ein skal feste lit til produktivitetskommissjonen. Tydelege mandat og meir lokal styringsrett er mellom råda for å løfte effektiviteten i offentleg sektor. Her finst det og forskning som tyder på at sjølvrådet på arbeidsplassen gir betre motivasjon, produktivitet og prestasjonar.

Paradokset er at produktivitetskommissjonen på sett og vis står fram som eit symptom på utfordringa dei er sett til å løyse. 700 sider offentleg utgreiing i to band, basert på hundrevis av sider med innspel frå privatpersonar og organisasjonar. Korleis ein slik enorm flaum av informasjon skal omsettast til lettbeinte tiltak for betre effektivitet er framleis ei gåte.

Kultur for kvalitet

Nøyaktig eitt år seinare har me fått ei ny stortingsmelding om kvalitet i høgare utdanning. Det er ikkje lett å få auge på hovudbodskapane frå produktivitetskommissjonen i denne meldinga. Ein gjennomgangstone i framstillinga er kva ein skal gjere meir av og kva ein skal gjere betre. Dei fire hovudtilnærmingane som skal forsterke kvalitetskulturen, lesar på med nye prosessar og reiskap som skal utviklast og byggast. I tillegg kjem lag på lag av reguleringar og prosessar for oppfølging.

Kva dei ulike tiltaka i kvalitetsmeldinga vil medføre av kostnader og ulemper får me lite innsikt i. Saman-

likningar av nytte og ulemper ved dei ulike tiltaka må ein leite lenge etter. Dermed blir det vanskeleg å vite kva som er mest og minst rekningsvarande i vid forstand. Såleis gir stortingsmeldinga om kvalitet i høgare utdanning lite tydelege signal for kva aktivitetar som bør ha særmerkt prioritet, og ikkje minst kva for aktivitetar som bør som bør leggst til side.

I tidlegare tider var vidaregåande skule og høgare utdanning for dei få. I dag har ein lovfesta retten til vidaregåande skule, og meir enn ein tredjepart av årskulla held fram med utdanning ved universitet eller høgskule. Tett oppfølging av store studentmassar har høge kostnader. Som i mange andre samanhengar blir spørsmålet difor ikkje berre kva ein bør gjere for å nå kvalitet av internasjonal toppklasse, men korleis ein skal drive utdanningssystemet mest mulig effektivt gitt eit bestemt kvalitetsmål. Her ligg ei stor produktivitetsutfordring for utdanningssektoren som meldinga om utdanningskvalitet ikkje er nær ved å ta inn over seg.

Mot trongare tider

Stortingsmelding 16 om studiekvalitet er diverre symptomatisk for utviklinga i offentleg ressursbruk. Liknande historiar kunne vore fortalt om andre sider ved offentleg sektor, som den kraftige framveksten av nye og gamle direktorat, eller organisering og framdrift for kommunereforma.

Det er faktisk ikkje så altfor vanskeleg å sjå korleis dette kjem til å gå. Utviklinga i offentlege utgifter må leggst om, rett og slett fordi ho ikkje kan halde fram. I tida som kjem vil det offentlege nemleg få mindre pengar å rutte med. Aukande oljeinntekter kan ikkje lenger støtte opp under fortsatt vekst i offentleg sektor.

Når krubba er tom, bitst hestane. Dårlegare råd vil tvinge merksemda mot kostnadsdisiplin og effektivitet, og då vil prioriteringane bli hardare. Resultatet blir vonleg eit omslag til meir lettbeinte løysingar for kvalitetssikring, slik ein no ser i emning i næringslivet.

Kan ikkje offentleg sektor like gjerne starte med ein gong?

Twitter: @Mohnitor



Byråkratisk inflasjon var lenge ein viktig faktor bak kostnadsauken i olje- og gassnæringa. No er tendensen i ferd med å breie seg til andre delar av samfunnet, ikkje minst i skulen og høgare utdanning og forskning. FOTO: COLOURBOX

Pressens faglige utvalg (PFU) er et klageorgan oppnevnt av Norsk presseforbund. Organet, som har medlemmer fra presseorganisasjonene og fra allmenheten, behandler klager mot pressen i presseetiske spørsmål (trykt presse, radio og fjernsyn).

Aftenbladet betinger seg retten til å publisere i alle Aftenbladets mediekkanaler, herunder å legge stoffet inn i et elektronisk arkiv eller andre databaser som avisen samarbeider med. Unntak fra dette må avtales skriftlig. Publiseringvilkårene gjelder for såvel honorert som ikke honorert stoff.

MER DEBATT
SIDE 22-23

Ja til eggdonasjon
Benjamin Aarsland Erikstad (H)
Har vi ikke råd til bydelshus?
Solveig Nessa, Stavanger Ap